



## Møteinnkalling

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kommunestyresalen, Rådhuset
<b>Dato:</b>	20.01.2021
<b>Tid:</b>	10:00

Dersom nokon av medlemmene ikkje kan møte og må melde forfall, vert dei bedne om å gjere dette så tidleg som råd er ved **å ringa** til Helge Inge Johansen tlf. 402 03 663 eller til Hogne Haktorson, tlf. 911 05 982.

Til varamedlemar er denne innkallinga å sjå på som ei orientering.

Dersom det vert aktuelt at varamedlemar må møta, vil det bli gjeve nærmare beskjed.

Det er planlagt at Helge Inge Johansen møter frå sekretariatet, på dette møtet.

Bjørg Tislevoll

kontrollutvalsleiar

Hogne Haktorson  
kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

Kopi: Vararepresentantar til kontrollutvalet  
Ordførar  
Revisor  
Rådmann

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
<b>Godkjenningssaker</b>			
GK 1/21 GK 2/21	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.2020	2019/143	
<b>Politiske saker</b>			
PS 1/21	Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - prosjektplan	2020/204	
PS 2/21	Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2020	2020/63	
PS 3/21	Møteplan 2021 for kontrollutvalet	2020/71	
PS 4/21	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 5/21	Eventuelt	2020/64	
<b>Referatsaker</b>			
RS 1/21	Julebrev fra FKT	2020/70	
RS 2/21	Vedtatt budsjett 2021 for kontrollutvalet - etter handsaming i kommunestyret	2020/174	

## **Godkjenningssaker**

**GK 1/21 Godkjenning av innkalling og saksliste**



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/143-12  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	2/21	20.01.2021

**Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.2020**

Møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 27.11.2020 er lagt med som vedlegg i saka.



## Møteprotokoll

<b>Utval:</b>	Kontrollutvalet
<b>Møtestad:</b>	Kommunestyresalen, Rådhuset
<b>Dato:</b>	27.11.2020
<b>Tid:</b>	10:00 - 11:30

### Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Bjørg Tislevoll	Leiar	H
Kjell Aleksander Skogsrud	Nestleiar	AP
Jostein Sandvik	Medlem	KRF
Gro Rydland	Medlem	SP
Frank Solli	Medlem	FRP

### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
------	----------	---------------

### Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

### Merknader

### Andre som møte:

Namn	Stilling
Olaug Haugen	Rådmann (PS 31/20 og PS 32/20)
Svein Dale Solheim	Assisterande rådmann (PS 32/20)
Stian Torland	IKT-leiar (PS 32/20)
Kjersti Gjuvslund	Seniorkonsulent, Deloitte AS, via Teams (PS 33/20)
Else Holst-Larsen	Partner, Deloitte AS, via Teams (PS 34/20)
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Bjørg Tislevoll  
utvalsleiar

Helge Inge Johansen  
utvalssekretær

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	<b>Godkjenningssaker</b>		
GK 9/20 GK 10/20	Godkjenning av innkalling og sakliste Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.10.2020	2019/143	
	<b>Politiske saker</b>		
PS 31/20	Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging - handlingsplan	2018/84	
PS 32/20	Orienteringssak vedrørande status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester	2017/42	
PS 33/20	Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll	2019/127	
PS 34/20	Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2020	2019/135	
PS 35/20	Vurdering av revisjonsordning for Fitjar kommune	2014/34	
PS 36/20	Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval	2019/138	
PS 37/20	Eventuelt	2020/64	
	<b>Referatsaker</b>		
RS 11/20	Rapport etter tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp - Havnatunet	2020/196	
RS 12/20	FKT - KMDs svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp	2020/70	
RS 13/20	KMD - FKT - Svar på spørsmål vedr. tolking av § 23-5	2020/70	
RS 14/20	Rekneskapstal for kontrollutvalet hittil i år	2020/174	
RS 15/20	FKT - medlemsinformasjon november 2020	2020/70	

## **Godkjenningssaker**

### **GK 9/20 Godkjenning av innkalling og saksliste**

**Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram merknader til innkalling og saksliste.

#### **Vedtak**

Innkalling og saksliste vart godkjent.

### **GK 10/20 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i kontrollutvalet 21.10.2020**

**Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram merknader til protokoll frå møte 21.10.2020.

#### **Vedtak**

Protokoll frå møte 21.10.2020 vart godkjent.

## **Politiske saker**

### **PS 31/20 Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging – handlingsplan**

#### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til første møte i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

**Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Rådmannen orienterte om status på arbeidet og gjekk gjennom handlingsplanen punkt for punkt, og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet vart einige om å be om ny orientering til andre møte i Kontrollutvalet 2021, ut i frå at det første kontrollutvalsmøte vert 20. januar 2021.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

1. Kontrollutvalet har merka seg at kommunen er godt i gang med forbetningsarbeidet etter forvaltningsrevisjonen av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.
2. Kontrollutvalet ber om at rådmannen kjem med ny skriftleg status på handlingsplanen til andre møte i 2021. Tilbakemeldinga vert å senda sekretariatet innan tre veker før møtet.

## **PS 32/20 Orienteringssak vedrørende status for oppfølging etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester**

### **Forslag til vedtak**

Saka vart lagt fram utan forslag til vedtak.

## **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Assisterande rådmann og IKT leiar orienterte om status på arbeidet. Kontrollutvalet vart einige om å lukke saka ut i frå at kommunen i hovudsak er i mål med oppfølging av handlingsplanen.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet vel å lukke saka, og tar informasjonen til orientering.

## **PS 33/20 Bestilling av forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll**

### **Forslag til vedtak**

1. Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 10.02.2021.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i første møte i 2021.

## **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Det var semje i kontrollutvalet om å bestilla forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS, slik det vart bede om frå kommunestyret.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**



1. Kontrollutvalet ønsker at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS
2. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.
3. Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 04.01.2021.
4. Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 20.01.2021.

## **PS 34/20 Deloitte presenterer interimrevisjonsrapport 2020**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.

## **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Partner Else Holst- Larsen frå Deloitte presenterte interimrevisjonsrapport 2020 for kontrollutvalet og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2020 frå Deloitte til orientering.

## **PS 35/20 Vurdering av revisjonsordning for Fitjar kommune**

### **Forslag til innstilling**

1. Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Fitjar kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønsker ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.
2. Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Fitjar kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.
3. Fram til ny vurdering, held Fitjar kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.

## **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

### **Handsaming i møte**

Sekretær orienterte om saka med utgangspunkt i vedtak frå kommunestyret og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

### **Innstilling**

1. Då det ikkje ligg føre nok informasjon til at ein kan estimere ein framtidig revisjonskostnad med at Fitjar kommune går inn som eigar i Rogaland Revisjon IKS, ønskjer ikkje kommunestyret å gå inn for ei slik løysing no.
2. Kommunestyret ber Rogaland Revisjon IKS komme tilbake med eit estimat på kva det totalt vil koste Fitjar kommune pr. år i revisjonshonorar for å gå inn som eigar i selskapet. I dette må det også gå fram kor mange timar det ligg i estimatet til forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og andre timebaserte tenester.
3. Fram til ny vurdering, held Fitjar kommune fram med konkurranseutsetting av revisjonstenestene for kommunen.

## **PS 36/20 Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval**

### **Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

### **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved gjennomgang av møteprotokollane.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

## **PS 37/20 Eventuelt**

### **Forslag til vedtak**

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

### **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

#### **Handsaming i møte**

##### Første møte i kontrollutvalet 2021

Kontrollutvalet vart einige om at det første møte i KU i 2021 vert 20.01.2021.

##### Abonnement på kommunerevisoren

Kontrollutvalet vart einige om å avbestilla abonnement på kommunerevisoren.

Vedtaket vart samrøystes vedteke

## **Vedtak**

1. Første møte i kontrollutvalet i 2021 vert 20.01.2021
2. Kontrollutvalet avbestillar abonnement på kommunerevisoren. Sekretariatet får ansvar for å ta seg av dette.

## **Referatsaker**

### **RS 11/20 Rapport etter tilsyn med tvungen somatisk helsehjelp - Havnatunet**

#### **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

##### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

### **RS 12/20 FKT - KMDs svar på spørsmål om endringer i kommunens årsberetning etter fristens utløp**

#### **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

##### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

### **RS 13/20 KMD - FKT - Svar på spørsmål vedr. tolking av § 23-5**

#### **Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

##### **Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

### **RS 14/20 Rekneskapstal for kontrollutvalet hittil i år**

**Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.

### **RS 15/20 FKT - medlemsinformasjon november 2020**

**Saksprotokoll 27.11.2020 - Kontrollutvalet i Fitjar kommune**

**Handsaming i møte**

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

**Vedtak**

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2020/204-2  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	1/21	20.01.2021

## Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS - prosjektplan

### Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet ber Deloitte AS gjennomføra forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS
2. Eventuelt korrigert prosjektplan vert å senda til sekretariatet innan 01.02.2021. Kontrollutvalet gjev utvalsleiar i samråd med sekretariatet fullmakt til å godkjenna endeleg prosjektplan.
3. Kontrollutvalet ønskjer at revisjonsrapporten er ferdig innan 01.07.2021, verifisert og inkludert selskapet og rådmannen sin uttale.

### Samandrag

Kontrollutvalet skal i dette møte handsama prosjektplan gjeldande Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Det vert tilrådd at prosjektplanen vert godkjent i dette møte då det er knappheit med tid til å gjennomføra denne, ut i frå at kommunestyret har eit ønskje om at denne vert handsama i første møte hausten 2021.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

### Vedlegg

- 1 Prosjektplan - Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS i møte 27.11.2020, det det vart gjort slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet ønskjer at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS*
2. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan i tråd med dei føringar utvalet har gjeve, inkl. føremål, problemstillingar, ev. avgrensingar, ressursbruk og leveringstidspunkt.*
3. *Utvalet ber Deloitte levere forslag til prosjektplan til sekretariatet seinast 04.01.2021.*
4. *Kontrollutvalet behandlar prosjektplanen i møte 20.01.2021.*

Sekretariatet har motteke prosjektplanen frå Deloitte innan fristen, og denne er vedlagt saka.

### Av prosjektplanen går det fram at føremålet med forvaltningsrevisjonen og eigarskapskontrollen er:

*«Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere Fitjar kommune si eigarstyring i Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS. Vidare er det eit føremål å undersøkje om selskapet har tilfredstillande internkontroll, særleg sett opp mot organiseringa av og drifta i selskapet (inkludert med omsyn til økonomi).*

### Med bakgrunn i prosjektet sitt føremål har revisjonen formulert følgjande problemstillingar:

1. Har kommunen etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, eigne vedtak og rutinar?
  - a) I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
  - b) I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i askjelova?
  - c) I kva grad har kommunen sikra god samansetning av styret?
  - d) I kva grad har kommunen følgd opp selskapet i samsvar med eigne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
  - e) I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?
2. Er styret si oppfølging av selskapet tilfredsstillande?
3. I kva grad er det etablert tilfredsstillande internkontroll i selskapet?
  - a) Organisering, mål og verksemdstrategi
  - b) Fullmakter, oppgåver og ansvarsfordeling
  - c) System, rutinar og praksis for utvalde, sentrale arbeidsprosessar knytt til:
    - i) Økonomistyring
    - ii) Anskaffingar
  - d) Rapportering

### Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og eigarskapskontroll i samsvar med standard for eierskapskontroll (RSK 002). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

Deloitte vil nytta dokumentanalyse, intervju, verifisering og høyring som metode.

### Ressursbruk og gjennomføringsplan

Timeestimat for prosjektet er inntil 250 timar. Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter med gått tid, inntil 6 timar.

Med utgangspunkt i det omfang som ligg i den føreslåtte prosjektplanen har sekretariatet ikkje merknad til at dert vert disponert ein ressurs på inntil det timetal som ligg i forslag til prosjektplan.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse for å gjennomføre forvaltningsrevisjonen. Når revisjonsrapport er levert og behandla i kontrollutvalet, skal utvalet innstille til kommunestyret, som gjer vedtak, jf. kommunelova § 23-3.

### **Vurderingar og verknader**

Dersom det ikkje kjem fram særskilte opplysningar i møtet, vert det tilrådd at kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen slik den ligg føre, og at informasjonen elles vert teken til orientering.

### **Konklusjon**

Kontrollutvalet godkjenner prosjektplanen.



Eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon | Fitjar kommune  
Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS

Prosjektplan

Desember 2020



«Eigarskapskontroll og  
forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur- og  
Idrettsbygg AS –prosjektplan»

Desember 2020

Prosjektplanen er utarbeidd for Fitjar  
kommune av Deloitte AS.

Deloitte AS  
Postboks 6013 Postterminalen, 5892  
Bergen  
tlf: 55 21 81 00  
[www.deloitte.no](http://www.deloitte.no)  
[forvaltningsrevisjon@deloitte.no](mailto:forvaltningsrevisjon@deloitte.no)

# Innhold

1	Føremål og problemstillingar	2
2	Kontroll- og revisjonskriterier	3
3	Metode	8
4	Tid og ressursbruk	9

# 1 Føremål og problemstillingar

## 1.1 Bakgrunn

Deloitte har i samsvar med bestilling frå kontrollutvalet i møte 27. november 2020 i sak PS 30/20 utarbeidd ein prosjektplan for eigarskapskontroll og forvaltningsrevisjon av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS i Fitjar kommune.

## 1.2 Om selskapet

Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS eig og skal drive eit allsidig kultur- og idrettsbygg til det beste for innbyggjarane i Fitjar kommune. Bygget inneheld kultursal, kino, kulturskule, dansesal, seniorsenter og øvingslokale for korps/teater, samt bibliotek, idrettshall, handballbane og treningssenter. I tillegg har Fitjar vidaregåande skule to klasserom i bygget, og to fysioterapeutar har lokalar der. Selskapet tilbyr utleige av fest- og konferanselokalar til privat og bedriftsmarknaden, med opp til 1 000 deltakarar.

Selskapet har gått med underskot frå starten, oftast mindre enn avskrivningane. Den økonomiske situasjonen for selskapet har blitt skildra som «vanskeleg» av styret.

Fitjar kommune eig 76,23 % av selskapet, Fitjar Kraftlag SS eig 10,59%, Wärtsilä Ship design Norway AS eig 6,57 % og Fitjar idrettslag 1,31 %. Dei resterande 5,29 % er eigd av fleire private aktørar. Revisjonen vil difor be styret samtykke til at det blir gitt naudsynt innsyn til å gjennomføre kontrollen.

## 1.3 Føremål og problemstillingar

Føremålet med prosjektet vil vere å undersøkje og vurdere Fitjar kommune si eigarstyring av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS. Vidare er det eit føremål å undersøkje om selskapet har tilfredsstillande internkontroll, særleg sett opp mot organiseringa av og drifta i selskapet (inkludert med omsyn til økonomi).

Med bakgrunn i føremålet er det utarbeidd følgjande problemstillingar som vil bli undersøkt:

1. **Har kommunen etablert ei eigaroppfølging av selskapet i samsvar med etablerte normer for eigaroppfølging, egne vedtak og rutinar?**
  - a) I kva grad er det etablert ein eigarstrategi med mål og krav til selskapet?
  - b) I kva grad er det etablert ei eigarstyring av selskapet i samsvar med krav i askjelova?
  - c) I kva grad har kommunen sikra god samansetning av styret?
  - d) I kva grad har kommunen følgd opp selskapet i samsvar med egne rutinar for eigarstyring og føringar som er gitt til selskapet?
  - e) I kva grad har kommunen etablert rutinar for å sikre at kommunen blir tilstrekkeleg informert om drifta og utviklinga i selskapet?
2. **Er styret si oppfølging av selskapet tilfredsstillande?**
3. **I kva grad er det etablert tilfredsstillande internkontroll i selskapet?**
  - a) Organisering, mål og verksemdstrategi
  - b) Fullmakter, oppgåver og ansvarsfordeling
  - c) System, rutinar og praksis for utvalde, sentrale arbeidsprosessar knytt til:
    - i) Økonomistyring
    - ii) Anskaffingar
  - d) Rapportering

# 2 Kontroll- og revisjonskriterier

## 2.1 Innleiing

Kontroll- og revisjonskriteria vil bli henta frå og utleia av autoritative kjelder, rettsreglar, politiske vedtak og fastsette retningslinjer. Kriteria under er ikkje uttømmende for kva som kan vere relevant i prosjektet. Andre kriterium vil kunne komme til dersom det skulle vere naudsynt for å få ei fullstendig undersøking og vurdering av problemstillingane.

## 2.2 Aksjelova

Aksjelova § 2-2 første ledd fastsett minstekrav til kva vedtekter i eit aksjeselskap skal innehalde. Dei er: selskapet sitt føretaksnamn, kommunen der forretningskontoret ligg, selskapet si verksemd, aksjekapitalen sin storleik jf. § 3-1, samt aksjane si pålydande (nominelle beløp), jf. § 3-1.

§ 3-4 stiller krav om at selskapet skal ha ein eigenkapital og likviditet som til ei kvar tid er forsvarleg sett opp mot risikoen ved og omfanget av verksemda i selskapet.

Gjennom generalforsamlinga representerer aksjeeigarane den øvste mynda i selskapet (jf. § 5-1).

I § 5-16 andre ledd går det m.a. fram at generalforsamlinga sine avgjersler skal gå fram av protokollen.

Styremedlemmane blir vald av generalforsamlinga, som også avgjer om det skal veljast varamedlemmar (jf. § 6-3 første ledd). Styremedlemmer tenestegjer i to år og tenestetida kan i vedtektene settast kortare eller lenger, herunder på ubestemt tid (jf. § 6-6). Forvaltninga av selskapet høyrer til under styret, (jf. § 6-12).

I aksjelova § 6-12 går det fram at:

- (1) Forvaltningen av selskapet hører under styret. Styret skal sørge for forsvarlig organisering av virksomheten.
- (2) Styret skal i nødvendig utstrekning fastsette planer og budsjetter for selskapets virksomhet. Styret kan også fastsette retningslinjer for virksomheten.
- (3) Styret skal holde seg orientert om selskapets økonomiske stilling og plikter å påse at dets virksomhet, regnskap og formuesforvaltning er gjenstand for betryggende kontroll.

§ 6-12 er den paragrafen som definerer «forvaltningsansvaret» til styret. § 6-13 blir tilsvarande omtalt som «tilsynsansvaret». Det går fram av § 6-13 at styret sitt tilsynsansvar inneber at styret skal føre tilsyn med den daglege leiinga og selskapet si verksemd elles. Styret kan fastsette instruks for den daglege leiinga.

Ifølgje § 6-14 skal dagleg leiing stå for den daglege leiinga av selskapet si verksemd, samt følgje dei retningslinjer og pålegg som styret gir. Vidare går det fram at den daglege leiinga ikkje omfattar saker som etter selskapet sitt forhold er av uvanleg art eller stor betydning. I tillegg skal dagleg leiar sørgje for at selskapet sin rekneskap er i samsvar med lov og forskrift, samt at formueforvaltninga er ordna på ein tryggande måte. Minst kvar fjerde månad skal dagleg leiar, i møte eller skriftleg, gi styret underretning om selskapet si verksemd, stilling og resultatutvikling, jf. § 6-15. Vidare kan styret, eller einsskilte styremedlemmar, til ei kvar tid krevje at dagleg leiar gir styret ei nærare utgreiing om bestemte saker.

Aksjelova § 6-23 første ledd held fram at styret skal fastsette ein styreinstruks som gir nærare reglar om styret sitt arbeid og sakshandsaming i selskap der dei tilsette har representasjon i styret.


## 2.3 Internkontroll

### 2.3.1 COSO

COSO er eit anerkjent rammeverk for internkontroll. COSO definerer internkontroll som ein kontinuerleg prosess, utført av styre, leiing og andre tilsette i ei verksemd for å gi rimeleg tryggleik for at ein når mål knytt til: målretta, effektiv og føremålstenleg drift; påliteleg intern og ekstern rapportering; og etterleving av lovar, reglar og interne retningslinjer. Rammeverket omfattar fem hovudelement: kontrollmiljø, risikovurderingar, kontrollaktivitetar, informasjon og kommunikasjon, og oppfølging frå leiinga.

Komponentane er gjensidig avhengige av kvarandre, og likeverdige deler av eit internkontrollsystem. COSO-modellen kan illustrerast slik:

Figur 1: Illustrasjon av COSO-modellen.



I COSO sitt rammeverk går det frem at mål på sektorovergripande nivå er ein føresetnad for internkontroll. Leiurar og tilsette organisasjonen må ha ei forståing for dei overordna strategiane og måla i organisasjonen, og ein del av internkontrollarbeidet er å spesifisere målbare, oppnåelege, relevante og tidfesta mål som organisasjonen skal jobbe etter. Desse overordna måla skal operasjoniserast til dei underliggande einingane i organisasjonen.

#### Kontrollmiljø

For å sikre ein god internkontroll er det, ifølgje COSO-modellen, viktig å utvikle eit godt kontrollmiljø. Kontrollmiljøet er dei standardane, prosessane og strukturane som danner basis for organisasjonen sitt internkontrollarbeid. Det er fleire viktige prinsipp for eit godt kontrollmiljø, mellom anna:

- at organisasjonen viser at dei er opptatt av integritet og etiske verdiar
- at leiinga, med utgangspunkt i organisasjonen sine mål, etablerer strukturar, rapporteringsvegar og eigna fullmakts- og ansvarstilhøve.
- at organisasjonen forpliktar seg til å tiltrekke seg, utvikle og behalde kompetanse som samsvarer med organisasjonens mål.

#### Kommunikasjon og informasjon

For å etablere god internkontroll er det i følgje COSO-modellen viktig med effektiv og tidsriktig informasjon og kommunikasjon, både horisontalt og vertikalt i organisasjonen. Dette krev føremålstenlege møte- og rapporteringspunkt, og system som sikrar at vesentleg informasjon blir kommunisert til rett nivå.

#### Risikovurderingar

Risikovurderingar er eit sentralt element både i rammeverket for internkontroll i COSO, og dei sektorspesifikke og tenestepesifikke krava til internkontroll.

Gjennom risikovurderingar gjer ein systematisk gjennomgang av tenestene for å finne fram til aktivitetar eller prosessar kor det til dømes er fare for manglande målinnfriing, manglande etterleving av regelverk / rutinar, mangelfull rapportering eller utilfredsstillande kvalitet i tenestene.

#### Kontrollaktiviteter

Kontrollaktivitetar er dei retningsliner, aktivitetar og rutinar som blir sett i verk i den daglege drifta for å sikre at organisasjonen når måla sine. Eit prinsipp som blir lagt til grunn er at leiinga skal etablere rutinar og retningsliner som inngår som ein del av den daglege drifta i organisasjonen. Slike rutinar skal gjere det klart kva som er forventa av einingane, og skal gjere det tydeleg kven som har ansvar for å gjennomføre rutinen. COSO åttvarar mot at uskrivne rutinar kan vere lette å omgå og kostnadskevrande for organisasjonen å vedlikehalde dersom det er utskifting av personell. Vidare tilrår COSO at leiinga ved jamne mellomrom gjennomgår og oppdaterer prosedyrar og kontrollaktivitetar.

## Leiinga si oppfølging

COSO-rammeverket legg til grunn at for å sikre gjennomføring av handlingar eller endringar som er naudsynte for å oppnå ein god internkontroll, er leiinga si oppfølging viktig. Dette krev at leiinga må ha tilstrekkeleg innsikt til å vurdere kva element i internkontrollen som fungerer bra og kva element som bør forbetrast.

Leiinga kan til dømes følgje opp internkontrollen gjennom regelmessige gjennomgangar i møte (leiinga si gjennomgang), inspeksjonsrundar/stikkprøver, og/eller systemrevisjonar.

## 2.4 Regelverket for offentlege anskaffingar

Lov om offentlige anskaffelser (LOA) har ifølgje § 1 følgjande formål:

Loven skal fremme effektiv bruk av samfunnets ressurser. Den skal også bidra til at det offentlige opptre med integritet, slik at allmennheten har tillit til at offentlige anskaffelser skjer på en samfunnstjenlig måte.

LOA omfattar mellom anna oppdragsgivarar som er offentligrettslege organ, jf. LOA § 2 første ledd bokstav c. Forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) § 1-2 andre ledd definerer eit offentlig rettsleg organ:

(2) Et offentligrettslig organ er et organ som

- a) er opprettet for å tjene allmennhetens behov og ikke er av industriell eller forretningsmessig karakter,
- b) er et selvstendig rettssubjekt og
- c) har tilknytning til det offentlige ved at
  1. organet hovedsakelig er finansiert av offentlige myndigheter eller andre offentligrettslige organer,
  2. organets forvaltning er underlagt slike myndigheters eller organers ledelsesmessige kontroll eller
  3. organet har et administrasjons-, ledelses- eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmene er oppnevnt av slike myndigheter eller organer.

I rettleiaren til forskrifta er offentligrettsleg organ definert som «organer eller virksomheter som er organisert som egne rettssubjekter og som står i en nær tilknytning til det offentlige.»

Først må det avklarast om organet tener ålmenta sitt behov, det vil seie:

- «samfunnsmessige behov framfor juridiske personers eller enkeltpersoners interesse»,
- «oppgaver som man anser for å være samfunnsoppgaver»,
- «kan gi seg utslag i at virksomheten er helt eller delvis er lovregulert».
- «virksomheten er gitt eksklusive eller særskilte rettigheter»
- «virksomheten utøver aktiviteter som normalt er lagt til det offentlige»

Så må ein vurdere om verksemda som tener ålmenta sitt behov, har eit behov som er av industriell eller forretningsmessig karakter, t.d.:

- «om virksomheten vil opptre som en privat aktør i markedet eller om den kan komme til å ta
- hensyn som ikke er rent økonomiske»
- «virksomhetens formålsbestemmelser»
- «hvorvidt virksomheten har fortjeneste som formål»
- «Dersom det er etablert ordninger for å dekke eventuelle økonomiske tap vil det tale for at det ikkje er et organ av industriell og kommersiell karakter, eksempelvis dersom det offentlige vil gå inn og redde virksomheten ved fare for konkurs eller lignende,»
- «Dersom prisene er fastsatt av offentlige myndigheter og ikke etter en ordinær markedsprising vil dette tale for at det ikke er et organ av industriell eller kommersielle karakter.»

Deretter må organet vere organisert som eit sjølvstendig rettssubjekt:

Et rettssubjekt er en juridisk person som kan ha rettigheter og plikter, samt foreta rettsstiftende handlinger. Eksempler er aksjeselskaper, ansvarlige selskaper, stiftelser og interkommunale foretak.

Det tredje vilkåret er at organet må vere tilstrekkeleg tilknytt det offentlege, og eit av tre alternativ må

vere oppfylt:

- «Organet er hovedsakelig finansiert av offentlige myndigheter eller andre offentligrettslige organer
- Organets forvaltning er underlagt offentlige myndigheters eller andre offentlige organers ledelsesmessige kontroll

- Organet har et administrasjons-, ledelses-, eller kontrollorgan der over halvparten av medlemmene er oppnevnt av offentlige myndigheter eller andre offentligrettslige organer.»

I følge § 2 i LOA gjeld lova ved inngåing av «vare-, tjeneste- eller bygge- og anleggskontrakter, herunder konsesjonskontrakter, eller gjennomfører plan- og designkonkurranser, med en anslått verdi som er lik eller overstiger 100 000 kroner ekskl. merverdiavgift.»

Regelverket for offentlige anskaffingar er omfattande, med konkrete krav fastsett i forskrift om offentlege anskaffingar (FOA). Dei særleg relevante delane av forskrifta er del I som gjeld alle typar anskaffingar som er omfatta av forskrifta, og del II som gjeld kontraktar med ein anslått verdi på minst 1,3 millionar kroner eks. mva. FOA stiller mellom anna krav til: føring av anskaffingsprotokoll (FOA § 7-1, § 10-5 anna ledd), innhenting av attestar (FOA § 7-2), kunngjeringsplikt (FOA § 8-17 for del II), anskaffingsprosedyrar (FOA § 8-3, § 9-2), dialog med leverandørar (§ 9-3).

## 2.5 Offentleglova

Lov om rett til innsyn i dokument i offentlig verksemd (offentleglova) sitt verkeområdet er ifølge § 2 første ledd, mellom anna:

c) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, og

d) sjølvstendige rettssubjekt der stat, fylkeskommune eller kommune direkte eller indirekte har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene med røysterett i det øvste organet i rettssubjektet.

Det er i § 2 fastsett eit unntak for offentliglova for «rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private.»

Ifølge ein rettleiar frå dåverande Justis- og politidepartementet er «Tanken bak reglane i offentliglova § 2 fyrste ledd bokstav c og d er at sjølvstendige rettssubjekt som det offentlege har ein dominerande påverknad over skal vere omfatta av lova.»

Unntaket om at offentliglova likevel ikkje gjeld for rettssubjekt etter § 2 første ledd bokstav c eller d, er utdjupa i rettleiaren:

For at eit rettssubjekt skal falle utanom lova krevst det at verksemda hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. At berre mindre delar av verksemda er utsette for konkurranse vil såleis ikkje medføre at lova ikkje gjeld. Det kan ikkje givast noko eksakt svar på kor stor del av verksemda som må vere utsett for konkurranse for at dette vilkåret skal vere oppfylt, men det er klart at det krevst at meir enn halvparten av verksemda skal vere utsett for konkurranse. Derimot kan det ikkje krevjast at alle eller nesten alle delane av verksemda skal vere utsette for konkurranse.

(...)

Vidare vil det ikkje kunne takast omsyn til einkvar form for konkurranse ei verksemd er utsett for. Det må dreie seg om direkte konkurranse, og det er såleis berre konkurranse innanfor ei verksemd sin hovudmarknad som det kan takast omsyn til.

Deretter må ein vurdere om verksemda ikkje driv på same vilkår som konkurrentane:

Dette inneber at lova vil gjelde for rettssubjekt som er utsette for konkurranse, dersom rettssubjekta har føremoner framfor sine private konkurrentar, til dømes i form av subsidiar eller liknande tilhøve.

(...)

Berre konkurranse frå private er relevant ved vurderinga av om ei verksemd fell utanfor offentliglova etter § 2 fyrste ledd andre punktum. Med private er det i denne saman hengen meint verksemdar som ikkje er omfatta av offentliglova.

## 2.6 Eigarstyring

KS har fastsett 21 tilrådingar for god eigarstyring og selskapsleiing i kommunal og fylkeskommunal sektor.

KS tilrår at det blir utarbeidd eigarskapsmeldingar: «Kommunestyrene bør hvert år fastsette overordnede prinsipper for sitt eierskap ved å utarbeide en eierskapsmelding for alle sine selskaper.» Vidare tilrår KS at kommunen bør ha ein open og klart uttrykt eigarstrategi for sitt eigarskap i ulike selskap og at «Kommunestyret skal utarbeide og bør jevnlig revidere styringsdokumentene og avtalene som regulerer styringen av selskapet.»

KS tilrår at kommunestyret som hovudregel bør utnemne sentrale folkevalde som eigarrepresentantar i eigarorganet, for å forenkle samhandlinga og kommunikasjonen mellom kommunestyret og eigarorganet. Vidare tilrår KS at føresegn om innkallingsfrist til representantskapsmøte tas inn i selskapsavtalen, og så skal representantskapet fastsette budsjett, økonomiplan og rekneskap.

KS understrekar at revisor ikkje er pliktig til å møte i representantskapet, men tilrår å følgje aksjelova på saken. Aksjelova § 7-5 fastsett at: «Revisor skal delta i generalforsamlingen når de saker som skal behandles, er av en slik art at dette må anses som nødvendig.»

Bruk av valkomité bør vere nedfelt i selskapsavtalen; valkomiteen si samansetting bør reflektere eigardelane i selskap med fleire eigarfylkeskommunar; det bør utarbeidast retningslinjer som regulerer valkomiteen sitt arbeid; valkomiteen bør grunngje sine forslag; og for å sikre kontinuitet bør ikkje heile styret bli skifta ut samstundes.

Når det gjeld samansettinga av styret fastsett KS: «Det er eiers ansvar å sørge for at styrets kompetanse samlet sett er tilpasset det enkelte selskaps virksomhet.» Vidare tilrår KS at kommunen sikrar opplæring av styremedlemmane. KS tilrår at styret bør ha kompetanse innan økonomi, organisasjon, marknaden selskapet opererer i, fagleg innsikt, og interesse for selskapets formål. KS understrekar at styreverv i selskap er personlege verv, som betyr at styremedlemmar berre representerer seg sjølve – ikkje parti, enkeltkommunar, eller andre interessentar – og skal ivareta selskapet sine interesser til det beste for alle eigarane.

KS tilrår også at «Ordførar og rådmann bør ikke sitte i styrer i selskaper.» og «Ingen kommunalt ansatte eller folkevalgte skal håndtere saker i kommunen som gjelder et selskap der de selv er styremedlem.»

KS tilrår at eigarorganet søker å oppnå balansert kjønnsrepresentasjon i styret: «I henhold til IKS-loven § 10 er det krav om tilnærmet 40 % kjønnsrepresentasjon i styrene.»

KS tilrår at i IKS så bør representantskapet fastsette godtgjersle til styre, og at deltakarfylkeskommunane fastsett og utbetalar godtgjersle til sine medlemmer i representantskapet.

KS tilrår at eigarstyringa skal skje gjennom eigarorganet.

KS tilrår at alle med styreverv for fylkeskommunale selskap bør registrere vervane i KS sitt styrevervregister ([www.styrevervregisteret.no](http://www.styrevervregisteret.no)).

KS tilrår vidare at styret:

- Fastsett styreinstruks og instruks for dagleg leiar med særleg vekt på ei klar intern ansvars- og oppgåvefordeling
- Gjennomfører ei eigenevaluering kvart år
- Vurderer behovet for ekstern styreopplæring. Nye styremedlemmar skal bli gitt opplæring om ansvar, oppgåver og rollefordeling
- Gjennomfører eigne styreseminar om roller, ansvar og oppgåver
- Fastsett ein årleg plan for arbeidet

I tillegg viser KS til at eigar bør sikre at selskapsstyret har utarbeidd og jamleg reviderer etiske retningslinjer for verksemda.

## 2.7 Kommunale styringsdokument og vedtak

Relevante styringsdokument og vedtak frå kommunen og selskapet kan bli nytta som kontroll- og revisjonskriterium.



# 3 Metode

Deloitte utfører forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldende standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001) og eigarskapskontroll i samsvar med standard for eierskapskontroll (RSK 002). Alle prosjekt blir kvalitetssikra i samsvar med krava til kvalitetssikring i Deloitte Policy Manual (DPM).

## 3.1.1 Dokumentanalyse

Rettsreglar og kommunale vedtak vil bli gjennomgått og nytta som kontroll- og revisjonskriterium. Vidare vil informasjon om kommunen og selskapet og dokumentasjon på etterleving av interne rutinar, regelverk mm. bli samla inn og analysert. Innsamla dokumentasjon vil bli vurdert opp mot revisjonskriteria.

## 3.1.2 Intervju

For å få supplerande informasjon til skriftlege kjelder vil Deloitte intervju utvalde personar frå Fitjar kommune som er involvert i eigarskapsoppfølginga av Fitjar Kultur- og Idrettsbygg AS, samt leiar og styreleiar i selskapet. Vi tek sikte på å gjennomføre ca. 5-6 intervju.

## 3.1.3 Verifisering og høyring

Oppsummering av intervju vil bli sendt til dei intervjua for verifisering og det er informasjon frå dei verifiserte intervjureferata som vil bli nytta i rapporten. Datadelen av rapporten vil bli sendt til selskapet og kommunen for verifisering, og eventuelle faktafeil vil bli retta opp i den endelege versjonen. Deretter vil heile rapporten, inkludert vurderingsdelar og eventuelle forslag til tiltak, bli sendt til selskapet og rådmannen for uttale. Høyringsuttalane vil bli vedlagt den endelege rapporten som blir sendt til kontrollutvalet.

# 4 Tid og ressursbruk

## 4.1 Nøkkelpersonell

Birte Bjørkelo er oppdragsansvarleg partner på oppdraget. I tillegg vil teamet bestå av prosjektleiar Frode Løvlie (senior manager) og Helene Ruud (consultant). Deloitte har sett saman eit team som sikrar at prosjektet blir gjennomført i samsvar med gjeldande retningslinjer, samt med nødvendig kompetanse og erfaring innanfor kommunal revisjon.

## 4.2 Ressursbruk

Med utgangspunkt i prosjektet sin karakter og planen som er lagt for korleis prosjektet skal bli gjennomført vil det ta totalt 250 timar å gjennomføre prosjektet. Dette inkluderer førebuing av prosjektet, utarbeiding av problemstillingar og prosjektplan, førebuing og gjennomføring av datainnsamling, analyse av data og utarbeiding og kvalitetssikring av rapport. Timetalet omfattar også presentasjon av ferdig rapport for kontrollutvalet.

Timeestimatet inkluderer ikkje førebuing og gjennomføring av presentasjon i kommunestyret. Ein eventuell presentasjon av rapporten i kommunestyret vil bli fakturert etter medgått tid, inntil 6 timar i tillegg til det totale timetalet som er presentert over.

Sjå vedlegg for oversikt over timefordeling.

## 4.3 Gjennomføringsplan

Oppstart av prosjektet vil vere desember 2020 og rapporten vil vere klar for oversending til kontrollutvalet ved sekretariatet innan utgangen av juni 2020. For å kunne gjennomføre prosjektet innan denne fristen og med stipulert timebruk er det nødvendig at kommunen sender over etterspurt dokumentasjon innan dei fristar som blir satt, og at utvalde personar stiller til og verifiserer intervju.

Fakturering av kostnadane ved prosjektet vil skje i samsvar med avtale mellom Fitjar kommune og Deloitte.

Bergen, 15. desember 2020



Birte Bjørkelo

Oppdragsansvarleg partner

# Deloitte.

Deloitte AS and Deloitte Advokatfirma AS are the Norwegian affiliates of Deloitte NSE LLP, a member firm of Deloitte Touche Tohmatsu Limited ("DTTL"), its network of member firms, and their related entities. DTTL and each of its member firms are legally separate and independent entities. DTTL (also referred to as "Deloitte Global") does not provide services to clients. Please see [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no) for a more detailed description of DTTL and its member firms.

Deloitte Norway conducts business through two legally separate and independent limited liability companies; Deloitte AS, providing audit, consulting, financial advisory and risk management services, and Deloitte Advokatfirma AS, providing tax and legal services.

Deloitte is a leading global provider of audit and assurance, consulting, financial advisory, risk advisory, tax and related services. Our network of member firms in more than 150 countries and territories serves four out of five Fortune Global 500® companies. Learn how Deloitte's 330,000 people make an impact that matters at [www.deloitte.no](http://www.deloitte.no).

© 2020 Deloitte AS



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2020/63-4  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	2/21	20.01.2021

**Årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid i 2020**

**Forslag til innstilling**

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2020 for kontrollutvalet.

**Samandrag**

Sekretariatet har laga forslag til utvalet si årsmelding for 2020. Årsmeldinga frå kontrollutvalet må reknast som ein del av den lovpålagte rapporteringa frå utvalet til kommunestyret.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

**Vedlegg**

- 1 Årsmelding 2020 for kontrollutvalet

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Sekretariatet har utarbeida forslag til årsmelding for kontrollutvalet 2020. Årsmeldinga er ein lekk i rapporteringa frå utvalet til kommunestyret. Sjå kommunelova § 23-5 som seier:

*«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget. I saker som skal oversendes til kommunestyret eller fylkestinget, skal kommunedirektøren gis anledning til å uttale seg før kontrollutvalget behandler saken.»*

### Vedtakskompetanse

Det er kommunestyret som har vedtakskompetanse i saker som vert rapportert frå kontrollutvalet, jf. kommunelova § 23-5 der det står dette:

*«Kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget.»*

### Vurderingar og verknader

Ettersom årsmeldinga også fungerer som ei rapportering til kommunestyret, vert det lagt opp til endeleg handsaming av årsmeldinga der.

### Konklusjon

Kontrollutvalet tilrår at kommunestyret godkjenner årsmeldinga



**ÅRSMELDING 2020**

**FOR KONTROLLUTVALET I**

**FITJAR KOMMUNE**



## 1 Føremål og oppgaver for kontrollutvalet

Føremålet med kontrollutvalet sitt arbeid er å medverke til at det vert allmenn tillit til at kommunen sine oppgaver vert løyst på best mogleg måte, og i samsvar med gjeldande lover og forskrifter.

I kommunelova § 23-1 står det m.a.:

*Kontrollutvalget skal påse at*

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte*
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak*
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i*
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)*
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp. at kommunen har en forsvarlig revisjonsordning.*

## 2 Samansetjing av kontrollutvalet

*Kontrollutvalet for valperioden 2019 - 2023 er slik samansett:*

### Medlemmer

Bjørg Tislevoll, H, leiar

Kjell Aleksander Skogsrud, Ap, nestleiar

Jostein Sandvik, Krf

Gro Rydland, Sp

Frank Solli, Frp

Frp

### Personlege varamedlemmer

1. Holger Peitisch, H
2. Herbjørn Skumsnes, H

1. Kjell Magnar Helland, Ap

1. Trond Stokken, Krf
2. Torunn K. Aarskog, Krf

1. Geir Ingolf Strand, Sp
2. Lars Ove Rimmereid, Sp

1. Jostein Skram, Frp
2. Anne Merete R. Opshaug,

I følgje lova skal minst ein av medlemmane i kontrollutvalet og vera medlem av kommunestyret. Frank Solli er kommunestyremedlem.

## 3 Om verksemda til kontrollutvalet i 2020

- Kontrollutvalet hadde 5 møter og handsama 37 saker i 2020.
- Grunna Covid-19 situasjonen har kontrollutvalet måtta å gjennomføre nokre av møta som fjernmøte.
- Ordførar har møterett i kontrollutvalet.
- Rådmann og andre tilsette i kommunen har møtt for å informera til kontrollutvalet, når dei har vorte innkalla.
- Revisjonen har og møtt på møta i kontrollutvalet.
- Kontrollutvalet har fått tilgang til den informasjonen det har vorte bede om.

## 4 Sekretariatsordninga

I kommunelova § 23-7 Sekretariatet står det dette:

*Kommunestyret og fylkestinget skal sørge for at kontrollutvalget får sekretariatsbistand som tilfredsstillende utvalgets behov.*

*Sekretariatet skal påse at de sakene som behandles av kontrollutvalget, er forsvarlig utredet, og at utvalgets vedtak blir iverksatt.*

*Sekretariatet skal være uavhengig av kommunens eller fylkeskommunens administrasjon og av den eller dem som utfører revisjon for kommunen eller fylkeskommunen.*

*Sekretariatsfunksjonen kan ikke legges til*

*a) ansatte i kommunen eller fylkeskommunen som har andre arbeidsoppgaver enn å være sekretær for kontrollutvalget*

*b) den som utfører revisjon for den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen*

*c) medlemmer av kontrollutvalget, kommunestyret eller fylkestinget i den aktuelle kommunen eller fylkeskommunen.*

*Den som utfører sekretariatsoppgaver for kontrollutvalget, er direkte underordnet kontrollutvalget og skal følge de retningslinjer og pålegg som utvalget gir.*

*Kommunestyret og fylkestinget velger selv sekretariat for kontrollutvalget etter innstilling fra kontrollutvalget.*

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune utfører sekretariatstenesta for kontrollutvalet i Fitjar kommune. Helge Inge Johansen har utført sekretær oppgaver på kontrollutvalgs møter i 2020.

Sekretariat for kontrollutvalet i Vestland fylkeskommune er også sekretariat for kontrollutvalet i fylkeskommunen, samt kontrollutvalga i disse kommunane: Askøy, Austevoll, Bjørnafjorden, Bømlo, Eidfjord, Kvam, Kvinnherad, Samnanger, Stord, Tysnes, Ullensvang, Ulvik, Vaksdal og Øygarden. Sekretariatet utfører og sekretariatstenester for kontrollutvalet i Bergen Kirkelige Fellesråd.

Avtale om sekretariatstenester for kontrollutvalet i Fitjar kommune gjeld frå 01.01.2017 til 30.06.2020, med opsjon på ytterlegare 2 år.

## **5 Revisjonstenesta**

Kontrollutvalet skal på vegne av kommunestyret ha tilsyn med den kommunale forvaltninga. Utvalet må halda seg orientert om kva saker revisjonen arbeider med og føra tilsyn med at revisjonsarbeidet er à jour og føregår i samsvar med forskrift og vedtak.

På grunnlag av revisjonen sine rapportar, rekneskapsplan og annan informasjon, har utvalet ført tilsyn med at forvaltninga er i samsvar med gjeldande lover, forskrifter og vedtak. Utvalet skal vidare i samarbeid med revisjonen gjennomføra ei systematisk vurdering av bruk og forvaltning av dei kommunale midlar, med utgangspunkt i oppgåver, ressursbruk og oppnådde resultat (forvaltningsrevisjon).

Deloitte AS er revisor for Fitjar kommune. Gjeldande revisjonsavtale gjeld fram til og med 30.06.2021. Deloitte har lagt fram revisjonsmelding, slik kravet er, samt rapportar og annan informasjon om revisjonen sitt arbeid.

Til dagleg er det den valde revisor som utfører tilsynet og kontrollen mot kommunen, men kontrollutvalet har eit eige ansvar med å sjå til at arbeidet vert tilfredstillande utført. Kommunelova stiller krav om at utvalet sjølv må visa ei aktiv haldning. For å få utført det arbeid utvalet er pålagt, er ein avhengig av god kommunikasjon med kommunestyret,



administrasjonen i kommunen og revisor. Samarbeidet har vore godt med dei aktuelle aktørar i 2020. Ansvarleg revisor har vore partner i Deloitte Else Holst-Larsen, som i tråd med regleverket, har lagt eigenvurdering for at Deloitte er uavhengig i høve til Fitjar kommune fram for kontrollutvalet.

## 6 *Arbeid med forvaltningsrevisjon.*

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt c lyd slik:

*«Kontrollutvalget skal påse at:*

*c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i.»*

Vidare går det fram av kommunelova § 23-3. Forvaltningsrevisjon dette:

*«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»*

Kontrollutvalet vurderer m.a. kvaliteten i sakshandsaminga og om vedtak og premisser er tilstrekkeleg klårt utforma til at vedtaka kan effektuerast. I den nye kommunelova gjeld dette også internt i selskap som kommunen har eigarinteresser i. I punkta nedanfor kjem kort omtale av dei revisjonane innan dette feltet som kontrollutvalet har handsama i 2020.

Medan førre kommunelov la opp til at det skulle vera årlege forvaltningsrevisjonar i kommunane, så har det berre vore nok midlar til å gjennomføra ein forvaltningsrevisjon over to år i Fitjar kommune.

Framgangsmåte med å dela forvaltningsrevisjons-prosjekt over to år, er uheldig. Når arbeidet strekker seg over så lang tid kan resultatet bli at arbeidet som utvalet skal utføra på vegne av kommunestyret vert lite effektivt. Ved pågåande forvaltningsrevisjon måtte ein venta om lag ½ år frå bestilling til oppstart, slik at ikkje revisjonsarbeidet skulle strekka seg over for lang tid.

### 6.1 *Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024*

Kommunelova § 23-3 Forvaltningsrevisjon lyd m.a. slik:

*Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.*

*Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.*

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen si verksemd og av verksemda i kommunen sine selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for forvaltningsrevisjon som vart handsama i kommunestyret 14.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

*«Vedtak:*

1. *Forslag til plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert*

- vedteken slik den ligg føre.*
- 2. Planen erstattar plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020.*
  - 3. Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
  - 4. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å føreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innafor dei utvalde områda i planen*
  - 5. Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å gjera denne evalueringa.*
  - 6. Kontrollutvalet skal rapportere resultatet av forvaltningsrevisjonar til kommunestyret etter kvart.»*

I den vedteke planen er desse prosjekta sett opp i prioritert rekkefølge:

1. Kvalitet i grunnskulen
2. Bemanning, personal og sjukefråvær
3. Institusjons- og heimeteneste
4. Interkommunale samarbeid
5. Arkiv og offentlegheit
6. Plan- og byggesak
7. Tilpassa opplæring og spesialundervisning
8. Internkontroll og kvalitetssystem
9. Drift og vedlikehald av kommunale bygg

### ***Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS***

Etter at kommunestyret hadde ein bestilling til kontrollutvalet når plansakene vart handsama av kommunestyret 04.11.2020, har denne bestillinga prioritet framfor noko anna.

Kommunestyret vedtok i møte 04.11.2020 at ein vil at det skal gjennomførast ein forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS.

I møte 27.11.2020 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Forslag til prosjektplan skal handsamast av kontrollutvalet i møte 20.01.2021.

## ***6.2 Tidlegare gjennomførte forvaltningsrevisjonsprosjekt og oppfølging av desse.***

### ***Forvaltningsrevisjon av IKT-tenester i Fitjar kommune.***

Då kommunestyret vedtok plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2016 - 2020 i møte 16.11.2016 vart det vedteke at det viktigaste prosjektet å gjennomføra skulle vera forvaltningsrevisjon innan «IKT-tenester i Fitjar kommune».

Kontrollutvalet følgde opp kommunestyret sitt ønske om forvaltningsrevisjonsprosjekt og gjorde vedtak i møte 28.03.17. om å bestilla prosjektet. Også for dette arbeidet, som det førre, blei det bestemt at gjennomføringa måtte skje over to år, med ein del i 2017, og resten i 2018, på grunn av nedskjæringar på kontrollutvalet sitt budsjett. Forvaltningsrevisjonen blei gjennomført i tidsrommet august 2017 til mars 2018, då rapport etter arbeidet blei levert.

Ut frå tilrådingar som revisor kom med i rapporten innstilte kontrollutvalet til kommunestyret i saka. Kommunestyret handsama saka og gjorde slikt vedtak i møte 25.04.18.:

#### **Vedtak:**

*«Med bakgrunn i rapport etter forvaltningsrevisjon av IKT-tenester i Fitjar kommune, ber kommunestyret rådmann syta for:*

- 1. Å utarbeide mål og strategi for styring av IKT-tenesta.*

2. *Å formalisere rolla og ansvaret til IKT-tenesta.*
3. *Å formalisere og ev. etablere beredskapsrutinar for både den generelle brukarstøtta og for brukarstøtte til dei ulike fagsystema som er i bruk i kommunen*
4. *Å sikre at kommunen får gjennomført naudsynte tiltak som gjeld ny personvernlovgiving snarast råd.*
5. *Å etablere system for gjennomføring av risikovurderingar og fastsetjing av akseptkriterium knytt til drifstryggleik.*
6. *Å oppdatere og ferdigstille styringssystemet for informasjonstryggleik slik at dette oppfyller alle krava i regelverket, og som del av dette:*
  - a) *etablere eit system som sikrar at kommunen har fullstendig og ajourført oversikt over kva personopplysningar som vert handsama.*
  - b) *sikre at det vert gjennomført risikovurderingar av IT-system og behandlingar av personopplysningar opp mot fastsette akseptkriterium for informasjonstryggleik.*
  - c) *gjennomføre tilstrekkeleg kontroll og etterprøving av informasjonstryggleiken i kommunen sine system.*
7. *Å utarbeide tilstrekkeleg med informasjon om informasjonstryggleik til dei tilsette, og sikre at dei tilsette får den naudsynte opplæringa for å kunne ivareta informasjonstryggleiken på ein tilfredsstillande måte*

*Kommunestyret ber rådmann lage ein handlingsplan som skal sendast til kontrollutvalet innan 01.10.18, som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvar for iverksetjinga.»*

Kontrollutvalet har fått orientering om oppfølgingsarbeidet fleire gonger i 2018, 2019 og 2020. Kontrollutvalet handsama saka siste gang i møte 27.11.2020. Kontrollutvalet valde å lukke saka, ut i frå at kommunen i hovudsak er i mål med oppfølging av handlingsplanen.

### ***Forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging.***

Kontrollutvalet bestilte 21.02.2019 forvaltningsrevisjon av saksførebuing, byggesakshandsaming og vedtaksoppfølging. Grunna den økonomiske situasjonen for kontrollutvalet måtte arbeidet fordelast over to år, der det meste av arbeidet vert utført haust 2019 og vinter 2019/2020.

Ut frå tilrådingar som revisor kom med i rapporten innstilte kontrollutvalet til kommunestyret i saka. Kommunestyret handsama saka og gjorde slikt vedtak i møte 17.06.2020:

*«Kommunestyret ber rådmannen:*

1. *Sørge for at kommunen tar i bruk eit føremålstenleg felles system for registrering og oppfølging av vedtak og etablere retningslinjer og praksis for bruk av dette systemet*
2. *Sørge for at sentrale moment og konsekvensar for saksførebuing blir lagt inn i mal for saksførebuing, og etablere skriftlege sakshandsamingsrutinar som inneheld rettleiing til punkta som ligg i malen for saksførebuing*
3. *Sørge for at det blir ei meir jamleg rapportering av oversikt over status for vedtak til politisk nivå.*
4. *Tydeleggjere kva saker som skal handsamast under bolken «ymse» i dei politiske utvala og korleis dei eventuelt skal følgjast opp av rådmann.*

5. Sikre at kommunen sine reglement for politiske møte blir etterlevd, og under dette at sakspapir blir sendt ut innan vedtatt frist.
6. Sørge for at det blir etablert føringar som kan bidra til å tydeleggjere korleis eldre planar skal tolkast i byggesakshandsaminga. Prioritere arbeid med å sikre eit tilstrekkeleg presist og oppdatert plangrunnlag å handsame byggesaker etter
7. Sørge for at rutinar og/eller sjekklister for byggesakshandsaming også inneheld punkt om å
  - a. undersøke tilsvarende saker som har vore handsama i kommunen.
  - b. konferere med alle relevante einingar eller funksjonar i kommunen.
8. Sørge for at rutinane for kvalitetssikring blir utbetra slik at det blir tydeleg i kva tilfelle leiar skal kvalitetssikre og i kva tilfelle sidemannskontroll er tilstrekkeleg.
9. Lage ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.09.2020 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.»

Kontrollutvalet handsama oppfølging av handlingsplanen første gang i møte 27.11.2020, der det vart vedteke at ein ønskjer ny status på arbeidet til andre møte i kontrollutvalet i 2021.

## **7 Arbeid med eigarskapskontroll**

I gamal kommunelov var dette omtala som selskapskontroll som innebar både forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap og kommunen si eigaroppfølging av selskapa.

Etter ny kommunelov er det no slik at forvaltningsrevisjon i kommunen sine selskap skal inngå i plan for forvaltningsrevisjon som er omtala i punkt 10 frammanfor.

Kommunelova § 23-2. Kontrollutvalgets ansvar og myndighet punkt d lyd slik:

«Kontrollutvalget skal påse at:

d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll).»

Vidare går det fram av kommunelova § 23-4. Eierskapskontroll dette:

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.»

### **7.1 Plan for eigarskapskontroll for perioden 2020 - 2024**

Kommunelova § 23-4 Eigarskapskontroll lyd slik:

«Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegere til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Kontrollutvalet har i 2020, med god bistand frå Deloitte, gjennomført ei slik risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin eigarskap i selskap.

På bakgrunn av dette er det vidare utarbeidd ein plan for eigarskapaskontroll som vart handsama i kommunestyret 14.11.2020 der det vart gjort slikt vedtak etter innstilling frå kontrollutvalet:

«Vedtak:

1. *Forslag til plan for eigarskapaskontroll for perioden 2020 - 2024 for Fitjar kommune vert vedteken med følgjande endring. Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS vert flytta frå prioritering nr. 3 til prioritering nr. 1. Kommunestyret ber om at det vert gjort eigarskapaskontroll av FKIB AS i 2021 som er ferdig innan utgangen av august.*
2. *Planen erstattar plan for selskapskontroll for perioden 2016 - 2020.*
3. *Planen gjeld for resten av valperioden og fram til ny plan etter intensjonen vert vedteken i 2024.*
4. *Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet til å foreta endringar og omprioriteringar i planen, samt til å kunna definera og avgrensa konkrete prosjekt innanfor dei utvalde områda i planen.*
5. *Planen skal evaluerast minst ein gong i valperioden. Kommunestyret delegerer mynde til kontrollutvalet å gjera denne evalueringa.*
6. *Kontrollutvalet skal rapportera resultatet av eigarskapaskontrollar til kommunestyret.»*

I møte 27.11.2020 bestilte kontrollutvalet forvaltningsrevisjon og eigarskapaskontroll av Fitjar Kultur og Idrettsbygg AS. Forslag til prosjektplan skal handsamast av kontrollutvalet i møte 20.01.2021 (sjå del 6.1 i årsmeldinga der dette er omtala meir inngående).

## **7.2 Gjennomførte eigarskapaskontroll**

Det er ikkje gjennomført eigarskapaskontroll eller bedriftsbesøk i 2020, i nokon av dei selskap som kommunen har eigarskap i.

## **8 Arbeid med rekneskapsrevisjon**

Kontrollutvalet handsama sak om årsrekneskap og årsmelding i maimøtet, der kontrollutvalet som ein del av saka gjev ein uttale til årsrekneskapen. Det vart mellom anna omtalt i uttalen:

*«Av rekneskapen for 2019 har kontrollutvalet merka seg at netto driftsrekneskap er positivt med kr 5 950 088, dvs. netto resultatgrad på 1,90 % , sett opp mot sum driftsinntekter. Gjennomsnitt for alle kommunane i Noreg, utanom Oslo, ligg ifølgje opplysningar frå SSB på netto resultatgrad på 1,9 % i 2019. Teknisk beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi (TBU) tilrår at ein over tid bør ha netto resultatgrad på 1,75 prosent for å ha ei forsvarleg økonomisk drift.*

*Driftsresultatet i Fitjar kommune for 2019 syner eit positivt og bra driftsresultat. Kommunen har ei lånegjeld som er tilfredstillande (71,64%), og storleiken på disposisjonsfondet er meir enn tilfredstillande (12,12 %).*

*Kontrollutvalet har merka seg det rådmannen skriv i årsmeldinga:*

*Fitjar kommune har i 2019 skapt eit godt økonomisk resultat med eit mindreforbruk på 6,3 mill.kr. og eit netto driftsresultat på 2 %. Årsaka til dette er i hovudsak.*

- *Dei alle fleste av kommunen sine einingar har levert sine tenester innanfor budsjettamma, og slikt skapt eit mindreforbruk i organisasjonen.*
- *Kommunen sine inntekter har vorte styrka i løped av året, mest grunna auken i nasjonal skatteinngang og noko frå Havbruksfondet.*
- *Pensjonskostnadane har vore lågare i SPK»*

## **9 Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)**

FKT er ein landsomfattande organisasjon som har som oppgåve å vera møte- og kompetanseplass for kontrollutvala og deira sekretariat. Kontrollutvalet i Fitjar kommune er medlem i FKT. FKT arrangerar fagkonferansar, samt utarbeidar ulike vegleiarar, bl.a. om «Kva kan ein forvente av oppgåveutføring og kompetanse frå sekretariatet». Nyheitsbrev frå FKT med aktuelle tema for kontrollutvalet sitt arbeid er og lagt fram som meldingar til kontrollutvalet.

## **10 Opplæring**

Leiar og nestleiar deltok på folkevaldopplæring for kommunane i Hordaland sine kontrollutval, i februar 2020.

## **11 Kontrollutvalet på Fitjar kommune si heimeside.**

Informasjon om kontrollutvalet på heimesida er lagt til rette på ein god måte. Men tekst etter ny kommunelov er ikkje endra, og sekretariatet vil legge til rette for at dette kjem på plass i 2021.

Kommunestyret, alle hovudutval, og også kontrollutvalet brukar lese Brett på møta, og får innkalling til møter elektronisk. For å nytta denne arbeidsmåten i politiske utval er det ein føresetnad at heimesida er godt tilrettelagt og at innkallingar og protokollar vert lagt ut.

## **12 Tilsyn frå Fylkesmannen.**

Når til dømes Fylkesmannen gjennomfører tilsyn i kommunane, vert det utarbeida rapport etter tilsynet, som vert sendt til kommunen. I rapportar etter slik gjennomgang av tenestoområde, gjev Fylkesmannen tilråding, melding eller pålegg til kommunen om kva som bør følgjast opp innanfor saksfeltet. Når påpeikingane er følgd opp og utført på ein tilfredstillande måte, sender Fylkesmannen melding om at tilsynssaka er avslutta.

Kontrollutvalet har hatt referatsak om eksterne tilsyn i nokre av møta i 2020.

## **13 Andre saker handsama av kontrollutvalet**

Døme på andre saker kontrollutvalet har handama i 2020, lista er ikkje uttømmende:

- Årsmelding 2019 for kontrollutvalet
- Budsjett 2021 for kontrollutvalet
- Orienteringssak frå rådmann om etikk-arbeid i kommunen
- Orienteringssak frå rådmann om sosialhjelp i kommunen
- Orienteringssak frå rådmann gjeldande innkjøpsrutinar og etterleving av off. ansø. sk.
- Ekstern revisor og ny konkurranse for Fitjar kommune
- Vurdering av revisjonsordning for Fitjar kommune (etter bestilling frå kommunestyret)
- Utvalet har og som fast punkt på saklista - gjennomgang av møteprotokollar frå kommunestyret, formannskapet og hovudutvala.

Fitjar 20. januar 2021.

Björg Tislevoll  
leiar i kontrollutvalet



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2020/71-2  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	3/21	20.01.2021

**Møteplan 2021 for kontrollutvalet**

**Forslag til vedtak**

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2021:

Dato:
20.01.2021
03.03.2021
14.04.2021
12.05.2021
01.09.2021
24.11.2021

**Samandrag**

I dette møte skal kontrollutvalet vedta møteplan for 2021. Møta må tilpassast ut i frå om sakene skal vidare til formannskapet og kommunestyret.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*



## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Det er praktisk at møtetider i kontrollutvalet er tilpassa saker som eventuelt skal vidare til formannskap og kommunestyre. I utgangspunktet er det planlagt med 5 møter, men kontrollutvalet vel sjølv ut i frå aktivitet kor mange møter ein må ha.

Kommunestyret har vedteke møteplanen for første halvår i 2021. Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet vedtek møteplan også for andre halvår. Kommunestyret har bestilt ein forvaltningsrevisjon/selskapskontroll som skal handsamast i første møte på hausten i 2021. Møte som er satt opp 01.09.2021 må difor tilpassast første møte i kommunestyret på hausten 2021.

### Vedtakskompetanse

Det er kontrollutvalet som har vedtakskompetanse til å vedta eigen møteplan, jf. Kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Deler av møteplanen for Fitjar kommune for 2021 er lagt inn i tabellen.

Utkast til møteplan for KUV	Aktuelle saker å ta opp:	Aktuelle møter, dersom saker skal vidare til:	
		Formannskapet	Kommunestyret
20.01.2021	Bestilling av forvaltningsrevisjon etter ny plan (KS vedtek planane 17.12.20)		
03.03.2021	Konkurranserevisjonstenester - evaluering av tilbod		
14.04.2021	Konkurranserevisjonstenester - innstilling		28.04.2021
12.05.2021	Uttale til kommunerekneskapen	09.06.2021	16.06.2021
01.09.2021	Forvaltningsrevisjonsrapport Budsjett 2022 - for kontrollutvalet		30.09.2021
24.11.2021			

### Konklusjon

Kontrollutvalet vedtek møteplanen for 2021 slik den ligg føre.



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2019/138-12  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	4/21	20.01.2021

### Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

#### Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

#### Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

### Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

### Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

### Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemene vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	09.12.20
Formannskapet	Ingen nye møter
Utval for plan og miljø	08.12.20
Utval for oppvekst og omsorg	09.12.20
Viltnemnda	Ingen nye møter

### Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune

**Sekretariat for kontrollutvalet**  
Saksframlegg

---

Saksnr: 2020/64-6  
Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

---

### Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Kontrollutvalet i Fitjar kommune	5/21	20.01.2021

### Eventuelt

#### Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

#### Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson  
Kontrollsjef

Helge Inge Johansen  
spesialrådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift*

## **Saksutgreiing**

### **Bakgrunn for saka**

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

### **Vedtakskompetanse**

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

### **Vurderingar og verknader**

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

### **Konklusjon**

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

## **Referatsaker**

**RS 1/21 Julebrev fra FKT**

**Fra:** Helge Inge Johansen (Helge.Inge.Johansen@vlfk.no)

**Sendt:** 06.01.2021 11:38:09

**Til:** Helge Inge Johansen

**Kopi:**

**Emne:** VS: Julebrev fra FKT

**Vedlegg:** Medlemsinfo desember 2020.pdf;FKT\_prot\_201215.pdf

---

**Fra:** Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

**Sendt:** fredag 18. desember 2020 10:14

**Til:** Forum for Kontroll og Tilsyn <fkt@fkt.no>

**Emne:** Julebrev fra FKT



Kjære medlemmer

Dette merkelige året 2020 er snart over, heldigvis. Nå gjelder det å være flinke med å følge julens smittevernregler slik at vi fort kan møtes i 2021 i faglige og sosiale samlinger.

FKT er godt i gang med å planlegge vårens aktiviteter.

**Vårens konferanser, du finner informasjon på hjemmesiden:**

[Sekretariatskonferansen 16.-17. mars 2021, Lillestrøm](#)

[Fagkonferansen 1.-2. juni 2021, Ålesund](#)

Vi fyller ut løpende med informasjon om innholdet i arrangementene.

### **Veiledere**

Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet

Styret behandlet høringsutkastet 15. desember. Vi inviterer til høringsrunde like over nyttår og tar sikte på at malen kan tas i bruk til våren. I forbindelse med høringsrunden vil arbeidsgruppen presentere malen i et **webinar 14. januar (Teams)**. Her får dere anledning til å stille spørsmål om alt dere lurer på. Noter datoen. Det kommer nærmere informasjon på nyåret.

Risikoanalyser i sekretariatene

I høst har styret behandlet [Mal for internkontroll i sekretariatene](#).

Nå er vi i oppstartsfasen med en oppfølgingsveileder for risikoanalyser i sekretariatene. Dette blir et samarbeidsprosjekt mellom FKT og NKRF.

Behandling av personopplysninger i sekretariatene

I møtet 15. desember vedtok styret å opprette en arbeidsgruppe som skal utarbeide en bransjenorm for behandling av personopplysninger i sekretariatene. FKT har tilbudt personvernombudstjeneste til sekretariatene siden 2018, og vi har gjort oss noen erfaringer som kan bli et godt utgangspunkt for en bransjenorm. Vi venter fortsatt på svar fra departementet på vårt spørsmål om det er obligatorisk med personvernombud i sekretariatene. Svaret på det er avhengig av om de sekretariatene som er selvstendige rettssubjekt, er å regne som offentlige organ i henhold til Forvaltningsloven.

### **FKT i media**

Styremedlem Tom Øyvind Heitmann i Kommunal Rapport 15. desember:

[Kommunale kontrollutvalg – lokaldemokratiets vaktbikkje](#)

**Nytt fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet**

Veileder til Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

Departementet er i ferd med å utarbeide en veileder til Forskrift om kontrollutvalg og revisjon. FKT har gitt skriftlige innspill og vi har hatt et møte med departementet. Veilederen vil ta form av å være merknader til de enkelte forskriftsbestemmelsene. Hvis alt går etter planen, skal den være ferdig i løpet av vinteren.

### [Kontrollutvalgsboken](#)

Vi venter på en ny utgave som er oppdatert i henhold til kommuneloven av 2018. Departementet håper å kunne starte opp arbeide med ny utgave på nyåret. FKT vil bli involvert i prosessen.

Tidligere lovtolkninger fra departementet finner du på medlemssidene [«Spørsmål og svar»](#) (krever pålogging).

### Annet faglig påfyll

Det er *meget sannsynlig* at korrupsjon i lokalforvaltningen, særlig rettet mot utbyggingsprosjekter og anskaffelser, vil fortsette å være en trussel. Korrupsjonsfaren vil avhenge av kommunenes egeninnsats i eget antikorrupsjonsarbeid, graden av gode varslingskanaler, kontrollutvalg og solid varslervern.

Dette (på s 15), og mye mer kan du lese mer om i den ferske nasjonale risikovurderingen som ble lansert 17. desember: <https://www.fkt.no/publikasjoner/nasjonal-risikovurdering-hvitvasking-og-terrorfinansiering-2020/>

### [Informasjonssikkerhet i fylkeskommunene og kommunene](#)

I en rapport fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet, går det frem at spesielt små og mellomstore kommuner ikke har tilstrekkelig styring og kontroll på informasjonssikkerhetsområdet.

### Styret

Styret hadde Teamsmøte 15. desember. Protokollen fra møtet er vedlagt. Du finner den også på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styret har sitt neste styremøte 15.februar. Også dette møtet blir heldigitalt.

### Nye medlemmer

Det er gledelig å melde om at vi fra 1.1 2021 får 15 nye medlemmer. En særlig takk til KUSEK IKS for innsatsen. De har bidratt til at vi fra 2021 har nesten 100 % dekning i gamle Finnmark fylke.

Bruk hjemmesiden vår! [www.fkt.no](http://www.fkt.no) Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#)

De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmedlemmer.

Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

God jul!



Vennlig hilsen

Anne-Karin Femanger Pettersen  
Generalsekretær





## *Julehilsen fra FKT*

Dette merkelige året 2020 er snart over, heldigvis. Nå gjelder det å være flinke med å følge julens smittevernregler slik at vi fort kan møtes i 2021 i faglige og sosiale samlinger.

FKT er godt i gang med å planlegge vårens aktiviteter.

Vårens konferanser, du finner informasjon på hjemmesiden:

[Sekretariatskonferansen 16.-17. mars 2021, Lillestrøm](#)

[Fagkonferansen 1.-2. juni 2021, Ålesund](#)

Vi fyller ut løpende med informasjon om innholdet i arrangementene.

### **Veiledere**

#### Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet

Styret behandlet høringsutkastet 15. desember. Vi inviterer til høringsrunde like over nyttår og tar sikte på at malen kan tas i bruk til våren. I forbindelse med høringsrunden vil arbeidsgruppen presentere malen i et **webinar 14. januar (Teams)**. Her får dere anledning til å stille spørsmål om alt dere lurer på. Noter datoen. Det kommer nærmere informasjon på nyåret.

#### Risikoanalyser i sekretariatene

I høst har styret behandlet [Mal for internkontroll i sekretariatene](#).

Nå er vi i oppstartsfasen med en oppfølgingsveileder for risikoanalyser i sekretariatene. Dette blir et samarbeidsprosjekt mellom FKT og NKRF.

#### Behandling av personopplysninger i sekretariatene

I møtet 15. desember vedtok styret å opprette en arbeidsgruppe som skal utarbeide en bransjenorm for behandling av personopplysninger i sekretariatene. FKT har tilbudt

#### **Sekretariat:**

FKT  
Postboks 41 Sentrum  
0101 Oslo  
[fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no)

Telefon  
414 71 166

[www.fkt.no](http://www.fkt.no)  
Twitter: [@FKT\\_no](https://twitter.com/FKT_no)  
Bank: 0539 43 90447  
Org. nr. 989 545 159

personvernombudstjeneste til sekretariatene siden 2018, og vi har gjort oss noen erfaringer som kan bli et godt utgangspunkt for en bransjenorm.

Vi venter fortsatt på svar fra departementet på vårt spørsmål om det er obligatorisk med personvernombud i sekretariatene. Svaret på det er avhengig av om de sekretariatene som er selvstendige rettssubjekt, er å regne som offentlige organ i henhold til Forvaltningsloven.

### FKT i media

Styremedlem Tom Øyvind Heitmann i Kommunal Rapport 15. desember:

[Kommunale kontrollutvalg – lokaldemokratiets vaktbikkje](#)

### Nytt fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet

#### Veileder til Forskrift om kontrollutvalg og revisjon

Departementet er i ferd med å utarbeide en veileder til Forskrift om kontrollutvalg og revisjon. FKT har gitt skriftlige innspill og vi har hatt et møte med departementet.

Veilederen vil ta form av å være merknader til de enkelte forskriftsbestemmelsene. Hvis alt går etter planen, skal den være ferdig i løpet av vinteren.

#### Kontrollutvalgsboken

Vi venter på en ny utgave som er oppdatert i henhold til kommuneloven av 2018. Departementet håper å kunne starte opp arbeide med ny utgave på nyåret. FKT vil bli involvert i prosessen.

Tidligere lovtolkninger fra departementet finner du på medlemssidene [«Spørsmål og svar»](#) (krever pålogging).

### Annet faglig påfyll

Det er *meget sannsynlig* at korrupsjon i lokalforvaltningen, særlig rettet mot utbyggingsprosjekter og anskaffelser, vil fortsette å være en trussel. Korrupsjonsfaren vil avhenge av kommunenes egeninnsats i eget antikorrupsjonsarbeid, graden av gode varslingskanaler, kontrollutvalg og solid varslervern.

Dette (på s 15), og mye mer kan du lese mer om i den ferske nasjonale risikovurderingen som ble lansert 17. desember: <https://www.fkt.no/publikasjoner/nasjonal-risikovurdering-hvitvasking-og-terrorfinansiering-2020/>

#### Informasjonssikkerhet i fylkeskommunene og kommunene

I en rapport fra Kommunal- og moderniseringsdepartementet, går det frem at spesielt små og mellomstore kommuner ikke har tilstrekkelig styring og kontroll på informasjonssikkerhetsområdet.

## Styret

Styret hadde Teamsmøte 15. desember. Protokollen fra møtet er vedlagt. Du finner den også på [medlemssiden](#) (krever pålogging). Styret har sitt neste styremøte 15.februar. Også dette møtet blir heldigitalt.

## Nye medlemmer

Det er gledelig å melde om at vi fra 1.1 2021 får 15 nye medlemmer. En særlig takk til KUSEK IKS for innsatsen. De har bidratt til at vi fra 2021 har nesten 100 % dekning i gamle Finnmark fylke.

Bruk hjemmesiden vår! [www.fkt.no](http://www.fkt.no) Følg oss også på [twitter](#) og [facebook](#)

De av dere som ønsker tilgang til medlemssidene kan sende en e-post til [fkt@fkt.no](mailto:fkt@fkt.no) for å få tildelt passord. Dette gjelder alle utvalgsmemberer.

Send oss gjerne en e-post hvis du har noen gode tips eller hvis det er noe du lurer på.

*God jul!*



*Vennlig hilsen*

*Anne-Karin Femanger Pettersen*

*Generalsekretær*



## MØTEPROTOKOLL

<b>Møte:</b>	Styremøte
<b>Tid:</b>	15. desember 2020   kl. <b>10.15 -13.35</b>
<b>Sted:</b>	Teams
<b>Deltakere fra styret:</b>	Til stede: Tage Pettersen, Einar Ulla, Liv Tronstad, Marit Gilleberg og vara Kjell-Tore Wirum.
<b>Andre som møtte:</b>	Anne-Karin Femanger Pettersen
<b>Forfall:</b>	Tom Øyvind Heitmann og Bård Hoksrud
<b>Møteleder:</b>	Tage Pettersen

### Saksliste:

Saknr.	Saker:
SS 83/20	Godkjenning av innkalling og saksliste
SS 84/20	Godkjenning av protokoll fra møtet 27.10 2020
SS 85/20	Oppfølging av handlingsplan - diverse
SS 86/20	Mal for KUs uttalelse - høringsutkast
SS 87/20	Faglig nettverk – resultat etter spørreundersøkelse
SS 88/20	Evaluering av KU-lederskolen
SS 89/20	Sekretariatskonferansen 2021 - program
SS 90/20	Fagkonferansen 2021 – planlegging av program
SS 91/20	Innspill fra personvernombudet
SS 92/20	Møteplan for styret høst 2021
<b>SS 93/20</b>	<b>Referatsaker:</b>
RS 28/20	Status - Henvendelser til KMD ang. div saker
RS 29/20	Invitasjon til Høring NOU 2020: 13 «Private aktører i velferdsstaten»
<b>SS 94/20</b>	<b>Eventuelt</b> Forberedelser til lønnsamtale

## **SS 83/20 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE**

---

### **Behandling i møte:**

Det var ikke merknader til sakslisten.

### **Vedtak:**

Innkalling og saksliste godkjennes.

## **SS 84/20 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRA STYREMØTET 27. oktober 2020**

---

### **Behandling i møte:**

Det var ellers ingen merknader til protokollen fra styremøtet 27. oktober 2020.

### **Vedtak:**

Protokoll fra møtet 27. oktober 2020 godkjennes.

## **SS 85/20 OPPFØLGING AV HANDLINGSPLANEN**

---

### **Behandling i møtet:**

Generalsekretæren orienterte om status.

.

### **Vedtak:**

Styret tar informasjon om oppfølging av handlingsplanen til orientering.

## **SS 86/20 – MAL FOR KUs UTTALELSE - HØRINGSUTKAST**

---

### **Behandling i møte:**

Arbeidsgruppens leder Einar Ulla, og generalsekretæren orienterte, og styret kom med innspill.

### **Vedtak:**

1. Styret tar høringsutkast «Kontrollutvalgets uttalelse til årsregnskapet», til orientering
2. Arbeidsgruppen vurderer innspill og kommentarer fra styret og sender deretter utkastet til høring.

## **SS 87/20 FAGLIG NETTVERK – RESULTAT ETTER SPØRREUNDERSØKELSE**

---

### **Behandling i møte:**

Generalsekretæren orienterte om undersøkelsen

### **Vedtak:**

Styret tar resultat etter undersøkelse om kompetanse i sekretariatene til orientering og ber generalsekretæren følge opp saken som avtalt i møtet. Oppfølgingen kan i første omgang være å ta kontakt med de sekretariatene som har svart at de har noe å bidra med.

## **SS 88/20 EVALUERING AV KU-LEDERSKOLEN**

---

### **Behandling i møte:**

Styret diskuterte tilbakemeldingene

### **Vedtak:**

Styret tar informasjon om evaluering av kontrollutvalgslederskolen til orientering

## **SS 89/20 SEKRETARIATSKONFERANSEN 2021 - PROGRAM**

---

### **Behandling i møte:**

Programkomiteen informerte om programmet.

### **Vedtak:**

1. Styret tar informasjon om sekretariatskonferansen 2021 til orientering.
2. Styret vedtar programutkastet for sekretariatskonferansen 2021 som foreslått

## **SS 90/20 FAGKONFERANSEN 2021 – PLANLEGGING AV PROGRAM**

---

### **Behandling i møte:**

Styret diskuterte saken

### **Vedtak:**

1. Styret tar informasjon om fagkonferansen 2021 til orientering.
2. Styret ber generalsekretæren om å jobbe videre med programmet som avtalt i møtet.

## SS 91/20 INNSPILL FRA PERSONVERNOMBUDET

---

### Behandling i møte:

Styret diskuterte innspillet fra personvernombudet og ble enige om å opprette en arbeidsgruppe

### Vedtak:

1. Det opprettes en arbeidsgruppe som skal utarbeide en bransjenorm for hvordan sekretariatene kan behandle personopplysninger i henhold til kravene i GDPR.
2. Generalsekretæren har mandat til å sette sammen en gruppe på 3-4 personer.
3. Arbeidsgruppen rapporterer til styret

## SS 92/20 MØTEPLAN FOR STYRET HØSTEN 2021

---

### Behandling i møte:

Styret ble enige om en møteplan for høsten 2021. Styret avtaler senere sted og tidspunkt for møtene.

### Vedtak:

Styrets møteplan for høsten 2021:

- 16. august i Arendal
- 18. oktober
- 13. desember

## SS 93/20 REFERATSAKER

---

### Behandling i møte:

Følgende referatsaker ble tatt til orientering.

RS 28/20	Status - Henvendelser til KMD ang. div saker
RS 29/20	Invitasjon til Høring NOU 2020: 13 «Private aktører i velferdsstaten»

## SS 94/20 EVENTUELT

---

Under eventuelt forberedte styret leders lønnsamtale med generalsekretæren.

15. desember 2020

Tage Pettersen  
styreleder

Anne-Karin Femanger Pettersen  
generalsekretær



## Budsjett 2021 for kontrollutvalet i Fitjar kommune

Konto	Tekst	Rekneskap 2019	Budsjett forslag 2020	Vedteke budsjett 2020	Budsjett forslag 2021	Budsjett 2021 vedtak KS
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 30 129	kr 53 352	kr 53 352	kr 53 352	kr 53 352
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
10804	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr -	kr 1 200	kr 1 200	kr 1 200	kr 1 200
	Delsum	<b>kr 30 129</b>	<b>kr 64 552</b>	<b>kr 64 552</b>	<b>kr 64 552</b>	kr 64 552
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 4 248	kr 9 102	kr 9 102	kr 9 102	kr 9 102
	Delsum	<b>kr 34 377</b>	<b>kr 73 654</b>	<b>kr 73 654</b>	<b>kr 73 654</b>	<b>kr 73 654</b>
11008	Faglitteratur / abonnement	kr 2 125	kr 2 000	kr 2 000	kr 2 000	kr 2 000
11152	Servering møter / kurs, representasjon	kr 1 437	kr 2 500	kr 2 500	kr 2 500	kr 2 500
11500	Kurs og folkevaldopplæring	kr -	kr 30 000	kr 30 000	kr 10 000	kr 10 000
11600	Skyss- og kostgodtgjersle	kr -	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000	kr 10 000
11951	Kontingent	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500	kr 3 500
12702	Andre konsulentten./ ekstra tilt.midlar	kr -	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000	kr 50 000
13500	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 138 981	kr 143 875	kr 143 875	kr 178 075	kr 178 075
13700	Revisjonstenester reknesk.revisjon	kr 197 124	kr 140 863	kr 140 863	kr 142 694	kr 142 694
13700	Revisj.ten. forvaltn.rev./eigarskapskontr.	kr 162 702	kr 375 514	kr 315 514	kr 380 483	kr 225 483
	Delsum	<b>kr 505 869</b>	<b>kr 758 252</b>	<b>kr 698 252</b>	<b>kr 779 252</b>	<b>kr 624 252</b>
14290	Meirverdiavgift	kr 98 349	kr 193 688	kr 100 470	kr 196 988	kr 95 920
17290	Moms-kompensasjon	kr -98 349	kr -193 688	kr -100 470	kr -196 988	-kr 95 920
	Total budsjettramme	<b>kr 540 246</b>	<b>kr 831 906</b>	<b>kr 771 906</b>	<b>kr 852 906</b>	<b>kr 697 906</b>